

---

Saksnr: 2020/74144-6  
Saksbehandlar: Hallvard Trohaug  
Dato: 19.05.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

---


### Varsel om ny oppstart - Områdefreding Årbakka i Tysnes kommune

Det automatisk freda gravfeltet på Årbakka i Tysnes kommune er eit kulturminne av nasjonal interesse og Vestland fylkeskommune har av den grunn varsla oppstart av fredingssak av kulturlandskapet på Årbakkavollen, Årbakkasanden og Årbakkavika etter § 19 i kulturminnelova.

Formålet med fredinga av området rundt gravfeltet på Årbakka er å sikre omgjevnadene til eit nasjonalt kulturhistorisk eineståande strandgravfelt, som ei kjelde til kunnskap og forskning.

Fredinga vil omfatte delar av eigedomane gbnr. 131/1, 132/1, 132/2, 132/4, 132/26, 133/1, 133/3, 133/7, 133/15, 133/51, 134/3, 134/4, 134/6, 134/31, 134/32 og 134/33 i Tysnes kommune.

Fredinga etter § 19 omfattar området avmerkt med raud innramming på kartet under.



I samsvar med lov om kulturminne § 22-1 andre ledd, vil varsel om oppstart av fredingssak bli kunngjort i *Bergens tidende*, *Sunnhordland*, *Avisa Tysnes* og *Norsk lysingsblad*. Innspel til fredingsforslaget må være fylkeskommunen i hende innan 31. august 2021.

Etter at fristen for innspel til varsel om fredingssak er ute vil Vestland fylkeskommune utarbeide ein framdriftsplan for arbeidet med fredingssaka, gjennomføre ei dokumentasjon av anlegget og utarbeide eit forslag om freding av kulturlandskapet på Årbakkavollen, Årbakkasanden og Årbakkavika. Forslag om freding vert så sendt på høyring til dei berørte partane og lagt ut til offentlig ettersyn. Høyringa av forslag om freding vil bli lagt fram for hovudutvalet som ei PS-sak. Deretter vil det bli handsama i Tysnes kommunestyre før endeleg forslag om freding vert utarbeida. Det endelege forslaget om freding vert lagt fram for hovudutvalet før det vert sendt over til Riksantikvaren for vedtak. Det er Riksantikvaren som har mynde til å gjere vedtak om freding av Sandviksbodene 12-24.

Den mellombelse fredinga av området står ved lag inntil fredingssaka er ferdig handsama. Dette inneber mellom anna at ein må søke kulturminnestyresmaktene om løyve til å sette i verk alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald.